


Illustrasjon henta frå Jøsok Prosjekt

## Byggeforbudsbelta

Illustrasjonen over viser byggeforbudsbeltet som gjeld for høgspenlinjer. Denne tryggingssona er i det vesentlege sett opp ut frå tryggingsforsonar som oppheld seg nær anlegga.



## Avstand til grøfter

Så langt råd, bør avstanden frå grøftekant til planter, hus eller andre faste installasjonar vera minst 3 m. Dette for at ein seinare skal kunne ha tilkomst til anlegg i grøft for nødvendig reparasjon

## Framdrift for arbeidet

Arbeid med planlegging og bygging av kraftlinjer går føre seg slik:

Utgreiing av trasealternativ

- orientering til grunneigarar
- kontakt med kommunen
- kontakt med skogbruksetaten

Fastlegging av trase

- søknad til miljøvernadv. hjå Fylkesmannen (større anlegg)
- melding til kommunen
- søknad om løyve til kryssing av andre leidningsanlegg, vegar og farvatn
- søknad til grunneigarar om stikkingsløyve

Stikking og prosjektering

- oppretting av grunnavtalar
- prosjektering og utsetjing av mastepunkt

Linjebygging

- utbetaling av grunnerstatning - skogrydding
- transport og montasje av master og liner - kontroll/idriftsetting
- Opprydding
- Avsluttande synfaring med grunneigarar.

## Skoghygiene

Kraftlaga strevar etter å ha god kompetanse på skoghygiene. I eit godt samarbeid med skogsakkunnige, skal både planleggjar og montør vera godt rusta til å finna dei beste løysingane, slik at ulempene for skogsdrifta skal bli minst mulig, både i samband med bygging av nye anlegg, og under seinare vedlikehald av linjetraseen.

## Opprydding

Etter at anleggsarbeidet er avslutta, skal kraftlaget syta for at alt materiell som er til overs, blir fjerna ut av terrenget. Like eins skal gards- og skogsvegar setjast i minst like god stand som før arbeidet starta. Det same gjeld gjerde og grindar. Det er praktisk at heile anleggsperioden vert avslutta med ei felles synfaring der alle detaljar blir avklara.

## Nyttige linkar:

[www.skogsnorge.no/](http://www.skogsnorge.no/)  
[www.skog.no](http://www.skog.no)  
[www.trefokus.no](http://www.trefokus.no)  
[www.inatur.no/](http://www.inatur.no/)  
[www.skogkurs.no/](http://www.skogkurs.no/)  
[www.skoginfo.no/](http://www.skoginfo.no/)  
[www.norske-skog.com](http://www.norske-skog.com)  
[www.naturvern.no/meny/skog](http://www.naturvern.no/meny/skog)  
[www.vestskog.no/index.jsp](http://www.vestskog.no/index.jsp)

## Kvifor utvidar kraftlaget traseen for gamle liner?

Gamle liner vart ofte bygd med det ein kallar trekantoppheg. Dette gjev ei breidde mellom ytterfasane på ca 1,5 m. Nye liner vert bygd med 1,5 m eller 2 m faseavstand i flat forlegging. Dette gjev ei total breidde på opp til 4 m for lina. Det er no vanleg at ein sikrar eit 6 m breitt belte på kvar side av linja. Dette gjev eit totalt bandlagt areal med 16 m breidde, medan gamle linje berre hadde ein avtale for 12 m ryddingsbelte

## Standardavtalar på nett

Dei standardavtalane som er skrivne mellom EBL (Energibedriftenes Landsforening), Noregs Skogeierforbund og Noregs Bondelag finn du på Internett under desse adressene:

[http://www.skog.no/MODUL/ES/Utmark/avtaler\\_pdf/Kraftlinjeavtale.pdf](http://www.skog.no/MODUL/ES/Utmark/avtaler_pdf/Kraftlinjeavtale.pdf)

Ein tilsvarande avtale er laga mellom KS Bedrift og dei same grunneigarpartane:

[http://www.skog.no/MODUL/ES/Utmark/avtaler\\_pdf/SFX188.pdf](http://www.skog.no/MODUL/ES/Utmark/avtaler_pdf/SFX188.pdf)

## Rettferd

Det er særskild viktig for kraftlaga å handsama alle grunneigarane likt. Målsettinga om størst mogeleg lik handsaming, er eit av fundamenta for samarbeidet kraftlaga imellom om felles avtaleverk. Dette er sjølvsagt like viktig for grunneigarane. Det er difor ei utfordring for sakshandsamar og grunneigar å forholde seg mest mulig lojalt til systemet.



## Uttale frå Skogs- og jordbruksetaten

Nye kraftlinjer og vedlikehald/utviding av eldre anlegg er ein viktig del av ei trygg straumforsyning. Gode avtalar mellom kraftlaget og grunneigaren er her ein viktig nøkkel. Viktig er det og at utbyggjarane gjer sitt beste for å halda ein sterke miljøprofilen ved arbeid i skogen. Eg vil gi ros til kraftlaga i Sunnhordland for initiativet til eit felles system for avtalar med grunneigaren, erstatning for grunn, påståande skog, kantskader m.m. Med utgangspunkt i denne arbeidsmalen, er alle grunneigarane i regionen sikra lik handsaming ved dei ulike tiltaka.

Lukke til med samarbeidet!

**Ove Gjerde  
Skogbrukssjef**



# Avtalar om grunnrettar for høgspenkablar, - liner og nettstasjonar

Utgåve nr 2

Felles system for grunnavtale for kraftlaga i Sunnhordland

Februar 2005

## Eit samfunn i utvikling

**Tilgang til sikker elektrisk kraft er ein føresetnad for all aktivitet og utvikling i samfunnet vårt. Det er difor i alle si interesse at Kraftlaga i regionen kan skaffa fram og oppretthalda gode kraftforsyningsanlegg fram til bygd og by. Då kraftforsyninga vart bygd ut for meir enn femti år sidan, var det ei sterk dugnadsånd blant utbyggjar og grunneigar om å få fram leidningsnettet i regionen. Dei seinare åra har nok desse haldningane endra seg, særleg etter at kraftforsyninga vart konkurranseutsett. Men me møter framleis stor forståing for at "straumen må fram", at kraftforsyning er ei viktig samfunnsoppgåve som må oppretthaldast. Det er difor gledeleg at erfaring viser at utbyggjar og grunneigar i dei aller fleste høve i fellesskap finn fram til dei gode løysingane, slik at utbygginga kan gjennomførast og straumen kan koma fram til nye samfunnsnyttige føremål.**

## Nye kablar, liner og nettstasjonar

Mykje av utbygginga av kraftforsyninga føregår no i form av kabelanlegg, fram til nye nettstasjonar. Ein del utbygging vert likevel gjort med nye høgspenlinjer. Slike utvidingar av kraftnettet vert vanlegvis ein del av utbygging av nye bustad- eller næringsområde. Spørsmålet om linjegrund til kraftforsyningsanlegga vert difor gjerne ein del av prosjekteringa av heile området.

## Opprusting og utviding av eksisterande anlegg

Busetnaden utvidar seg og ein del med fortetting i eksisterande område. I desse tilfella er det ei utfordring for kraftlaga å finna plassering for nye nettstasjonar i eksisterande busetnad, og få fram høgspenlinjer til desse stasjonane. Høgspenlinjene som vart bygd i den første tida, var gjerne bygd med mindre leidningstverrsnitt etter enklare byggemetode enn me gjer i dag. Når slike anlegg skal opprustast, er det gjerne behov for å utvida traseen.

## Grunnavtalar

Kraftlaga ynskjer å sikra rettane og pliktene sine for leidningar i grunnen, for plassering av nettstasjonar og høgspenlinjer, gjennom skriftlege avtalar. For grunneigar vil det òg vera ein føremøn å ha skriftleg og tinglyst avtale om plassering av anlegg på eigeiendommen.

## Minneleg avtale eller skjønn?

Grunnavtalar kan opprettast på grunnlag av minnelege avtalar eller skjønn. Kraftlaga legg vinn på å finna løysing som gjev grunnlag for frivillig avtale. Erfaring syner at dette lukkast i dei aller fleste høve. Avgjerd ved rettsleg skjønn er kostbart og tidkrevjande. Om ein får i stand minneleg avtale, sparer ein kraftforsyninga, og samfunnet elles, for store kostnader og kostbar tid.

## Felles avtaleverk for kraftlaga i Sunnhordlandsregionen.

I samarbeid med grunneigarinteresser og representantar for jord- og skogbruksetatane, har kraftlaga i regionen utarbeidd dette felles opplegget for berekning av grunnerstatning og utforming av grunnavtalar. Gjennom eit slikt samarbeid ynskjer me å sikra ei god handsaming av alle utbyggingar, samstundes med likehandsaming av grunneigarar i heile regionen.

## Tillit

Kraftlaga er avhengig av å skapa og oppretthalda gjensidig tillit til grunneigarane, for å utføra oppgåva si som netteigar. God handsaming skapar tillit

## Kvifor standardavtalar?

For å sikra lik handsaming av alle grunneigarar er det viktig å nytta standardiserte avtalar, bygd på felles retningslinjer for vurdering av ulempe ved grunnavståing. Dette vert og tilrådd av grunneigarorganisasjonar og jord-/skogbruksetat. Med eit slikt verkøy kan kraftlaga sine planleggjarar koma fram til ei rett erstatning for den enskilde eigeiendommen, samstundes med ein oppnår at erstatningsnivået vert tilnærma likt på tvers av kommunegrensene.

## Samarbeid i regionen

Dette felles systemet blir brukt av:


- Austevoll Kraftlag
- Sunnhordland kraftlag
- BKK Nett, Stord
- Etne Elektrisitetslag
- Fitjar Kraftlag
- Fusa Kraftlag
- Fjelberg Kraftlag
- Finnås Kraftlag
- Skånevik Ølen Kraftlag
- Kvinnherad Energi
- Tysnes Kraftlag

## Lang erfaring

Dette systemet har vore nytta her i området sidan 1993. Før dette har Finnås Kraftlag brukt systemet i ein tiårsperiode. Erfaringane er gode, sett frå kraftlaga, Skogs- og landbruksetatane i kommunane, og av grunneigarane. Etter det me kjenner til, har variantar av systemet vårt vore nytta også andre stader i landet.

## Standardavtale

Avtaleteksten som vert nytta her, er basert på standardavtale som er utarbeidd av Norges Skogeigarlag, Norges Bondelag og Energi-bedriftenes Landsforening (EBL) i lag. Slike standardavtalar er utarbeidd for høgspenlinjer, kabeltrasear og for plassering av nettstasjonar og vert oppdatert med jamne mellomrom. Avtaleformularet for grunn til høgspenlinjer vart sist oppdatert i 2004. Dersom det oppstår tvist om tolking av ei grunnavtale, kan denne standardavtalen nyttast for å avklara tvisten. Grunneigar kan sjølvsagt be om utskrift av denne standardavtalen, eller henta den på Internett (sjå adresse på baksida).



## Forenkla avtale

Standardavtalen som er utarbeidd mellom grunneigarinteresser og kraftforsyninga (sjå margen på side 1), er på seks sider, og inneheld m.a. detaljert opplisting av partane sine rettar og plikter. Me har valt å laga ein enkel avtale, og i tillegg nytta denne foldaren til å forklara rettane og pliktene som kvar av partane har. Denne foldaren er såleis ein del av avtaledokumenta i ein grunnavtale. Ein komplett avtale mellom grunneigar og Kraftlag består av:

- Enkelt avtaleformular
- Denne foldaren
- Skjema som viser berekning av grunnerstatninga
- Kart som viser traseen avtalen gjeld.

## Tillit

Når avtalane blir utforma enkelt, er det ut frå erfaring frå at samarbeidet mellom grunneigar og kraftlag i dei alle fleste høva går utan vanskar. Dette skal begge partar ha æra for.

## Eksisterande skog

Skogsvyrkje i traseen, vert handsama som eiga sak, og er ikkje ein del av erstatningsoppgjeret for linegrunn.

- Tømmeret kan handsamast slik:
- Kraftlaget nyttar entreprenør til felling /transport av tømmeret, grunneigar overtek vyrket på velteplass.
  - Kraftlaget kjøper skogen på rot, tek det ut og sel det vidare.
  - Kraftlaget betalar grunneigar for å utføra felling og transport innafor avtalt tid, grunneigar beheld tømmeret



## Høgspenlinjer

### Korleis vert traseen fastlagd?

Val av trase vert gjort av planleggjaren i kraftlaget, i samråd med grunneigarar, og gjerne jord- og skogbruksetaten. Større utbyggingar skal og godkjennast av miljøvernavingdelinga hjå Fylkesmannen. Avgjerande for val av trase er omsyn til:

- Framtidig drift av lina i høve til kraftbehovet i området
- Drift og utnytting av eigedomen i grunneigar si interesse
- Miljø- og landskapsvern

### Kor stort areal treng me?

Det er Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap som i «Forskrifter for elektriske forsyningsanlegg» fastset krav til avstandar mellom line og terreng/skog m.m.

Som hovudregel er kravet til trasebreidde:

- for 22 kV uisolerte linjer: 12 m + avstanden mellom ytterfasane
- for 22 kV isolerte linjer: 8 m + avstanden mellom ytterfasane

Kraftlaga, skogetat og skogeigarlag ser det som ein stor fordel at ein tileignar seg stort nok areal ved nybygging av linjer. Dette for å unngå seinare utviding av traseen, eller hogging utanfor avtalt trase.

### Kva skal erstattast?

Grunnen i kraftleidningsgatene vert framleis den einskilde grunneigar sin eigedom. Lina bandlegg areal for skogsdrift og legg visse restriksjonar på bruken av fulldyrka mark- og beiteområde.

Ut frå dette skal grunnerstatninga dekke opp for ulempe med:

- Tap av framtidig skogsproduksjon
- Driftsulemper og kantskader for attverande skog
- Plassering av master og barduner
- Tap av ungsog inkl. venteverdi (særskild oppgjer)
- Bruk av gards- og skogsveggar
- Gjødelspreiing, sprengingsarbeid på dyrka mark

Kraftlaga legg vinn på at grunneigarane ved dette systemet skal vera sikra rett erstatning ut frå dei faktiske tilhøve. Erfaringane viser at erstatningsnivået ligg over det som vert gitt ved skjønn. Dette er ein viktig føresetnad for systemet.

### Ombygging/flytting av trase


Ved ombygging eller flytting av linjer og kablar vert det utbetalt erstatning for skilnaden mellom areal for ny trase og det gamle arealet som vert frigjeve.

### Oppgjer for eksisterande skog

Oppgjer for skog som må hoggast i traseen er ikkje ein del av grunnerstatninga. Kraftlaget kan gje tilbod om kjøp av dette skogsvirke på rot til ein pris fastsett av skogsakkunnig. Hogst og framdrift vert soleis kraftlaget sitt ansvar. Andre avtalar kan og nyttast

### Bruk av jord- og skogsakkunnige

I arbeidet med å fastsetja erstatninga vil det vera naturleg å søkja støtte frå dei jord- og skogsakkunnige i kommunen, ut frå å basera oppgjeret på rette faktiske opplysningar og på vurderingar frå ugild part



Illustrasjon henta frå Jøsok Prosjekt

### Kantskade

Til omgrepet kantskade høyrer:

- Vindskade
- Auka kvistvokster
- Auka vilt- og insektskade
- Auka trong for skogsveggar
- Generell ulempe for oppdeling av skogteigar



## Høgspenkablar og nettstasjonar

### Val av trase, plassering.

Så langt råd, vert kabeltraseane lagt langs offentleg veg. Det løyser ikkje alltid dei utfordringane me står ovafor. Difor vil traseane i nokre høve gå over jordbruksareal eller andre private eigedomar. Ulempene med å ha kabel i grunnen kan oppsummerast til

- Restriksjonar på graving, plassering av bygningar
- Restriksjonar på plassering av planter/tre
- Ulempe ved anna graving, t.d. for drenering, vegbygging osv

For nettstasjonar er det viktig å finna ei plassering som er gunstig i høve til kraftforsyninga av det området nettstasjonen skal dekke. Ved etablering av nye bustadfelt vert dette gjort i planfasen. Ved seinare fortetting av områder er ein avhengig av velvilje frå grunneigar og naboar for å finna ei høveleg plassering.


## Generelt

### Estetiske tilhøve.

I fleire samanhengar vert det stilt krav til kraftlaga om å tilpassa utforminga av anlegga etter estetiske omsyn, som ved oppføring av nettstasjonar nær arkitektutforma bygg, eller etter synsinntrykk frå bustadområde. Kraftlaga ynskjer å vera imøtekomande, men kan vanskeleg påta seg store ekstrakostnader som følgje av særskild utforming. Reguleringsplanar og vedteker vert førande for Kraftlaga sine val av utforming av kraftforsyningsanlegga.

### Korleis vert erstatninga fastsett?

For å koma fram til ein rett erstatning nyttar ein grunnverditabellen. For linjer i skogsområde skjer verdifastsetjinga ut frå kvaliteten på arealet (bonitet), og tilkomst til skogen (driftsprosent). Desse opplysningane hentar me i økonomisk kartverk og/eller frå synfaring på eigedommen, då gjerne saman med sakkunnig person. I satsane er det inkludert 20% tillegg for driftsulemper, kantskadar og plassering av master og barduner. Prisane er basert på, og vert justert etter gjennomsnittleg tømmerpris for området. Erstatningsattsar for jordbruksareal er rund-sum-erstatning, saman med erstatning for kabelgrøfter og plassering av nettstasjon.



### Ulempeserstatning

Den erstatninga som vert utbetalt i samband med utbygging av kraftnettet, er å rekna for ulempeserstatning. Slik erstatning er vanlegvis skattefri, etter det me forstår frå samtalar med Likningskontoret

**Kraftlaget sine rettar**

- Rett til å byggja, driva, vedlikehalda og fornya høgspentanlegg (liner, kablar eller nettstasjonar) på eigedomen
- Rett til tilkomst i terrenget og langs gards- og skogsveggar
- Rett til seinare vedlikehald av ryddingsbelte

**Kraftlaget sine plikter**

- Halda grunneigar orientert om anleggsstart og forventa framdrift for arbeidet
- Betala ulempeserstatning for grunn
- Rydda opp etter anleggsarbeid, og seinare vedlikehald av høgspentanlegga
- Setja i stand gjerde, grøfter og vegar som er skada under anleggs- og vedlikehaldsarbeid.
- Varsla grunneigar om seinare skogrydding langs traseen, og om ev føreståande vedlikehaldsarbeid av større omfang.
- Ei generell plikt til å sjå til at dei elektriske anlegga tilfredstillar krav i forskrifter.

**Grunneigar sine retter**

- Grunneigar har eigedomsretten til traseen og kan fritt nytta denne, så lenge dette ikkje er til hinder eller skade for leidningsanlegga.

**Grunneigar sine plikter**

- Gje uhindra tilgjenge for seinare vedlikehald av anlegget, her medrekna skogrydding, transport langs vegar og i terreng på eigedomen.
- Varsla kraftlaget om føreståande arbeid nær leidningsanlegga
- Grunneigar er etter alminnelege erstatningsreglar ansvarleg for skade han påfører leidningsanlegga, td. i samband med skoghogst, graving/sprenging, transport osv



### Berre for høgspen

Avtaleverket gjeld berre for forsyningsanlegg for høgspen. I samband med utbygging av lågspen gjeld andre reglar

### Særskilde tilhøve

Eit slik avtaleverk kan naturleg nok ikkje fanna om alle situasjonar. Det er difor ope for å ta inn tillegg i avtalen som omfattar særskilde tilhøve, slik som plassering av master, kabelgrøfter gjennom private hagar eller plassering av nettstasjonar som gjev grunneigar ekstra ulempe.

### Naturlege omsyn

Under all aktivitet skal kraftlaget ta omsyn til naturgitte tilhøve, m.a. ved å unngå ferdslor over dyrka mark i vekstsesongen. Dersom slik ferdslor ikkje kan utsetjast, må skadane som vert påført eigedomen erstattast

### Elektromagnetisk stråling

Det har dei seinare åra vore fokusert på helseisiko med å bu nær kraftlinjer. Det er ikkje framlagt eintydige resultat frå forskning eller frå styresmakter som stadfester dette. Kraftlaga vel likevel å ha ei føre-vår haldning ved planlegging av nye kraftforsyningsanlegg.

### Tinglysing av avtale

Dei fleste kraftlaga i regionen tinglyser grunnavtalar. Dette vert gjort for å sikra at rettar og plikter vert varande kjende for både kraftlag og grunneigar på lang sikt, også etter eit eventuelt eigarskifte på eigedomen. Kraftlaget førestår tinglysinga for si rekning